

Strandsonekartlegging på Huglo

Kartlegging av strandsona og funksjonell strandsone



2009
rev. oktober 2010

Innholdsfortegnelse

1	Innleiing.....	3
2	Bakgrunn.....	3
3	Områdeskildring.....	3
4	Metode.....	4
4.1	Digitale data.....	4
4.2	Fase 1 - strandsonekartlegging.....	4
4.3	Fase 2 - funksjonell strandsonekartlegging.....	5
4.4	Feilkjelder og usikkerheit.....	7
4.5	Nytte av resultatata.....	7
5	Resultat strandsonekartlegging.....	8
6	Resultat funksjonell strandsone kartlegging.....	11
7	Oppsummering av kartleggingane.....	18
8	Vidare bruk av resultatata.....	18

1 Innleiing

I samband med ny kommunedelplan for Huglo er det gjort ei kartlegging av arealstatus i strandsona¹ på heile øya, samt ei detaljert kartlegging av funksjonell strandsona i seks delområde. Arbeidet har omfatta tilrettelegging av eksisterande informasjon, analysar og feltarbeid. Resultata vil vera avklarande for aktuelle problemstillingar knytt til strandsona i samband med ny kommunedelplan og for framtidig arealforvaltning.

2 Bakgrunn

På Huglo er strandsona ein viktig ressurs som grunnlag for busetnad, næring og friluftsliv. Utfordringar knytt til planlegging og forvaltning av strandsona ligg ofte i å balansere mellom bruk og vern av areala. Det kan til tider vera vanskeleg å møte nasjonale og regionale krav om vern av natur, landskap, kulturhistoriske verdiar og friluftinteresser, samstundes som ein skal gje lokal næringsaktivitet i kystområda grobotn for vidare utvikling. Gjennom å kartlegga eksisterande inngrep i strandsona og definera funksjonell strandsona kan ein lettare skilja mellom område som bør sikrast vern og tilpassa bruk, og område som kan leggjast til rette for utbygging til bustad-, fritids- eller næringsføremål.

Kyst- og øykommunar med mykje strandsona har tradisjonelt ei befolkning som set stor pris på tilgjenge til sjøen, og ser båtplass og/eller naust som eitt av konkurransefortrinna i sin region. Tilgjenge til sjø gjennom båtplassar, naust og tilrettelegging av busetnads- og næringsområde er såleis viktige trekkplaster for å oppretthalde folketal og aktivitet i kommunane, jf. nyleg utarbeidd strandsonestrategi for Sunnhordland. Det er såleis eit ønskje å leggja til rette for ytterlegare bruk av strandsona på Huglo gjennom overordna planlegging.

Føremålet med kartlegginga er å differensiera strandsoneforvaltninga på Huglo, samt å ta vare på og vidareutvikla kvalitetar knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne, bygningsmiljø og ålment ferdsel.

Kartlegginga er gjennomført i samsvar med retningsliner utforma av Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland: "Råd om planlegging og forvaltning av strandsona i Hordaland".

3 Områdeskildring

Prosjektområdet omfattar øya Huglo. Øyane kring Huglo er ikkje teke med i kartlegginga då dei fleste øyene er små, utan infrastruktur og ingen private innspel er knytt til dei. Huglo er ca. 14 km² stor. Det bur om lag 90 fastbuande på øya. Geologi og topografi er avgjerande faktorar for utnyttinga av areala på øya. Busetnad og landbruksdrift er hovudsakleg knytt til område med god bonitet, som i stor del er å finna langs sjølinja.

Store deler av øya er dominert av urørt natur der landskapet vekslar mellom karrige fjellområde og frodige parti med rik flora. Det milde klimaet og den spesielle geologien gir grobotn for stor variasjon i vegetasjonen. Huglo har kvalitetar knytt til verdifull flora, verneverdige kulturminne og er eit mykje nytta friluftsområde. Høgaste toppen på Huglo er Høgafjellet som ligg på 218 meter over havet.

¹ Strandsona = 100-metersbeltet mot sjø, jf. definisjon i Plan og Bygningslova.

Næringslivet på Huglo er for det meste knytt til landbruk, samt havbruk, skule, butikk og møbelfabrikk. Mange har arbeidsplassen sin utanfor Huglo, hovudsakleg på Leirvik. Historisk sett er næringsgrunnlaget på øya knytt til sjø- og naturressursar.

4 Metode

I samband med ny kommunedelplan for Huglo er det trong for å få eit oversyn over arealstatus for strandsona. Analysen er gjennomført i to fasar. Første fase er ei overordna kartlegging av 100-metersbeltet for heile Huglo. Andre fase er ei kartlegging av funksjonell strandsone i seks delområde, der avgrensinga er basert på innspel til kommunedelplanen.

Analysane er gjort med bakgrunn i ortofoto, eksisterande data og feltarbeid frå båt og land.

4.1 Digitale data

Analysane har i hovudsak vore bygd på eksisterande digitale data:

- Felles kartdatabase (FKB)
- Digital markslagskart (forenkla DMK)
- Naturbasen (Direktoratet for Naturforvaltning)
- Inngrepsfrie naturområde (INON-områder, Direktoratet for Naturforvaltning)
- Databasen Askeladden og SEFRAK registeret (Hordaland Fylkeskommune)
- Kommuneplan for Stord 2004-2015
- Regionalt viktige friluftsområde (Hordaland Fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland)
- Flyfoto / ortofoto

4.2 Fase 1 - strandsonekartlegging

Målsetnad med fase 1 er å få eit oversyn over arealtilstand, grad av inngrep og tilgjengeleg strandsona.

Med utgangspunkt i eksisterande databasar vert det kartlagt tilgjengeleg strandsona innanfor 100-metersbeltet. Tilgjenge er vurdert etter føringar i Friluftsløva, samt fysiske avgrensingar i terreng (topografi/brattleik), og arealbruk (bygg/infrastruktur/dyrka mark).

Friluftsløva, 1957

§ 2. (Ferdsl i utmark.)

I utmark kan enhver ferdes til fots hele året, når det skjer hensynsfullt og med tilbørlig varsomhet. Det samme gjelder ferdsel med ride- eller kløvhest, kjelke, tråsykkel eller liknende på veg eller sti i utmark og over alt i utmark på fjellet, såfremt ikke kommunen med samtykke av eieren eller brukeren har forbudt slik ferdsel på nærmere angitte strekninger. Kommunens vedtak må stadfestes av fylkesmannen.

§ 3. (Ferdsl i innmark.)

I innmark kan enhver ferdes til fots i den tid marken er frosset eller snølagt, dog ikke i tidsrommet fra 30. april til 14. oktober. Denne ferdselsrett gjelder likevel ikke på gårds plass eller hustomt, inngjerdet hage eller park og annet for særskilt øyemed inngjerdet område hvor almenhetens vinterferdsel vil være til utilbørlig fortrensel for eier eller bruker.

Eier eller bruker kan - uansett inngjerding - forby ferdsel over hage, plantefelt, høstsådd åker og gjenlegg (attlegg) også når marken er frosset eller snølagt, såfremt ferdselen er egnet til å volde nevneverdig skade.

Inngrep som avgrensar tilgjengleg strandsone er basert på følgjande kriterium:

- Alle bygg får etablert ei buffersone på 50 m. Uthus/garasje/naust får buffersone på 25 m
- Vegar får etablert ei buffersone på 25 m frå midtlinje veg. Traktorveg/sti er ikkje gitt buffer
- All fulldyrka/overflatedyrka innmark er utilgjengeleg areal
- Automatisk freda kulturminne får ei buffersone på 5 m

Analyse av topografi og brattleik er viktig med omsyn til tilgjenge i strandsona. Utilgjengeleg område er definert som område brattare enn 30 graders helling. Ved å setta utilgjengeleg strandsone som terreng brattare enn 30 graders helling har ein klassifisert område som normalt vil vera vanskeleg tilgjengeleg for dei fleste (Norsk institutt for vannforskning). Ein har ikkje differensiert mellom tilgjengleg frå sjø eller frå land.

Det vert utarbeidd temakart som fortel kor stor del av strandsona som faktisk er nedbygd, eller som innskrenkar allemannsretten og tilgjenge. Temakartet vil samstundes identifisere område med potensiale for fortetting.

4.3 Fase 2 - funksjonell strandsonekartlegging

Målsetnad med fase 2 er å fastsetja funksjonell strandsone, som vil leggja føringar for bruk og vern.

I Fylkesplan 2005-2008 er den funksjonell strandsona definert som; "*Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vera smalare eller breiare enn 100-metersbeltet*".

I denne fasen vert det gjennomført ei detaljert kartlegging av seks utvalte område, med eit tilstrekkeleg influensområde kring. Fase to inneber m.a. ein detaljert analyse av landskap og landskapselement som ikkje kjem fram av eksisterande analysar.

Ut frå definisjon av funksjonell strandsone har ein trekt ut sju kriterium. Til saman vil kriteria gi eit heilskapleg og konkret grunnlag for kvalitetsvurdering.

Biologisk mangfald

Det er tre område på Huglo som er verna etter naturvernlova (Storsøy naturreservat og Bleikjo naturreservat, og Brandvik landskapsvernområde). Det er knytt forskrifter til desse områda som m.a. beskriv føremål med vernet. Det er berre Brandvika landskapsvernområde som vert omfatta av analysen, og funksjonell strandsoneavgrensing føl vernegrensa.

Område med stort og/eller særprega biologisk mangfald er kartlagt på Huglo etter retningslinje utarbeida av Direktoratet for naturforvaltning (DN). Områda er prioriterte i tre kategoriar, A (svært viktig), B (viktig) og C (lokal verdi). Kriteria for denne prioriteringa er gjort på bakgrunn av området sin kvalitet og innhald av raudliste artar. Det er registrert 8 viktige viltforkomstar og 14 viktige naturtype lokalitetar på Huglo. Av desse er 5 viltlokalitetar og 7 naturtypelokalitetar registrert innanfor analyseområda. Der lokalitetane er vekta A og/eller er knytt til sjø vert dette kriteriet vekta høgt.

Anna biologisk mangfald som er knytt til strandsona og som har kvalitetar og relasjon til strandarealet, t.d. strandeng og sumpområde, vil vera ein del av vurderinga. Det er ingen område med anna biologisk mangfald som det er lagt spesielt verkt på i denne analysen.

Landskap

Strandsona kan ha kvalitetar som er knytt til eit landskapsrom som naturleg vender seg mot stranda/sjøen. Landskapsrommet vert då ei naturleg topografisk avgrensing. Landskapselement kan ha verdiar i høve til elementa lokal identitet, heilskap, urørt landskap og særmerka former. I større urørte område, samt særmerka og tydlige landskapselement, som t.d. nes, er dette kriteriet lagt spesielt stor vekt på i denne analysen.

Det er registrert eit større område nord på Huglo som kjem innanfor definisjonen *inngrepsfri naturområde i Noreg (INON)*. Dette kriteriet vert ikkje vektlagt i denne analysen pga. trase for framtidig fastlandssamband til Tysnes vil endre føresetnaden for INON-avgrensinga.

Topografi og brattleik er avgjerande for i kva grad området er tilgjengleg i friluftssamanheng, samt kor eigna området er for ulike arealføremål, som t.d. byggeområde. Brattleiksanalysen tek utgangspunkt i at utilgjengeleg areal er brattare enn 25 graders helling. Saman med andre kriterium vert større parti som er brattare enn 25 graders helling teke med som ein del av funksjonell strandsona og linja sett ovanfor det bratte partiet for å hindra silhuett utbygging. Brattleiksanalysen vert nytta i samanheng med andre kriterium og forsterkar grunnlaget for vurderinga.

Kulturminne/kulturmiljø

Automatisk freda kulturminne er kartlagt og tilgjengleg i databasen askeladden (Riksantikvaren). Ingen av dei registrerte automatisk freda kulturminna påverkar avgrensinga av den funksjonelle strandlina i analysen.

Huglo er rik på kulturmiljø og har tradisjon for å skjytte desse kvalitetane. Bygnings- og landskapsmiljø som er knytt til strand/sjø vert vurdert som ein del av den funksjonelle strandsona. Område med svært spesielle kvalitetar, som t.d. heilskaplege bygningsmiljø, vert saman med kriteriet topografi/landskap vekta høgt.

Friluftsliv

Det er ingen statleg sikra friluftsområde på Huglo. Huglo Bygdelag disponerar eit mindre areal i Røssbøvika, Vikasanden, som er nytta som bade- og grillplass. Områda kring Tveitavågen er mykje brukt for rekreasjon, turgåing, bading og fiske. Det er få tilrettelagte friområde på Huglo. Det er difor viktig at slike område får ein viss inngrepsfri buffer kring seg. Verdien friluftsliv vert nytta saman med kriteriet topografi/landskap.

Hordaland Fylkeskommune har kartlagt viktige regionale friluftsområde for både sjø- og landareal. Fylkeskommunen har m.a. lagt kriterium som bruk, opplevingskvalitet, symbolverdi og tilrettelegging til grunn for klassifisering av områda. Områda er delt inn i kategoriane A (svært viktig), B (viktig) og C (registrert). Eit stort område langs heile austkysten og heile landområdet sør for Tveitavatnet er registrert som viktig regionalt friluftsområde (B). I område klassifisert som B bør det ikkje skje inngrep som førar til at funksjonen som friluftsområde vert forringa (DN-handbok 25, 2004). Dette kriteriet er vekta tungt i samspel med topografi/landskap og kulturminne/kulturmiljø.

Landbruksmiljø

Tilgjengeleg strandsona for ålmenta kan definerast som område med fri ferdsel etter Friluftsliva, samt tilgjenge i høve til topografi. I følgje Friluftsliva er det fri ferdsel i utmark, med eit par unntak. Der innmark (fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite) går heilt ned i sjøkanten er det ikkje fri ferdsel i 100-metersbeltet. Landbrukskriteriet vert nytta der innmark går ned til sjø og funksjonell strandsona vert sett enten på 100-metersbeltet eller landskapsrom.

Eksisterande infrastruktur

Område med infrastruktur vert vurdert i høve til landskapsrom og tilknytning til strand/sjø.

Sjøtilknytt busetnad er ein del av strandsona, t.d. naustmiljø, rorbu og spreidd fritidsbusetnad. Konsentrert bustadområde vil vera ei naturleg avgrensing for den funksjonelle strandsona.

Ein veg kan vera ei naturleg avgrensing mellom urørt areal og utbygde område, eller mellom landskapselement/landskapsbruk. Det vert gjort skilnad mellom hovudveg og privat/skogveg. Vegkriteriet er nytta i område der vegen er ei klar barriere mellom ulike landskapselement og/eller bruksmessige tilhøve.

Eksisterande plan

Der det er eksisterande regulerings- eller utbyggingsplanar vert den funksjonelle strandsona ikkje vurdert. For denne analysen vert areala innanfor reguleringsplanane Nordhuglo og Skarvane I og II ikkje vurdert.

Område som i kommuneplan for Stord (2004-2015) er avsett som bandlagte område etter PBL vert nytta som ei naturleg avgrensing (*Landskaps-, turveg grøntstruktur der bygg- og anleggstiltak ikkje bør tillatast*). Bakgrunnen for denne bandlegginga er område med stort og/eller særprega biologisk mangfald. Denne analysen omfattar dei bandlagte områda Leira, Haukanes, Kvednahaugen, Tveitavatnet, Litla Brandvikneset.

4.4 Feilkjelder og usikkerheit

Analysane er utarbeidd frå eksisterande datagrunnlag. Feil og generaliseringar i datagrunnlaget samt i analysane, kan ha påverka kvaliteten på resultatane. Vurderingane er gjennomført på eit overordna nivå og vil spegla realiteten på ein grov måte. Dette er likevel vurdert som tilstrekkeleg på kommuneplannivå.


Kartlegging av den funksjonelle strandsona er basert på konkrete, men også skjønsmessige kriterium. For å redusera feilmargin/feilkjelde er det gjennomført kontroll gjennom feltarbeid frå sjø og land.

4.5 Nytte av resultatane

Gjennom å kartlegga status for strandsona og definera funksjonell strandsone får ein eit verktøy for vurdering av vern, tilpassa bruk og område som kan leggjast til rette for utbygging. Ved å knyta føresegner til t.d. areal definert som funksjonell strandsone kan ein få eit verktøy for differensiert planlegging i strandsona. Resultata i statuskartlegginga kan også verta nytta til å følgja endring av arealbruk i strandsona over tid og som ei sjekklister i t.d. konsekvensutgreiing arbeid, dispensasjonssakar og byggesakar.

5 Resultat strandsonkartlegging

Øya Huglo har ei strandlinje på 29 kilometer. Strandsona (100-metersbeltet) kring øya har eit areal på ca. 2.400 dekar. Med bakgrunn i kriteria nemnt i kap. 4.2 er 62 % av strandsona tilgjengeleg/ inngrepsfri, sjå figur 1.



Figur 1. Statuskartlegging av strandsona på Huglo. Raud farge syner strandareal som enten har menneskeleg inngrep og/eller er utilgjengeleg pga. brattleik. Grøn farge syner inngrepsfri/tilgjengeleg strandareal. Analysen er basert på kriterium skildra i kap. 4.2.


Ved å bryta opp analysegrunnlaget for dei ulike grunnkriteria finn ein prosentdelen dei ulike kriteria utgjør kvar for seg i strandsona, sjå tabell 1.

Tabell 1. Prosentdel påverka strandsona. Prosentdelen tek ikkje omsyn til at dei ulike kriteria overlappar.

Kriterium	Bygg	Freda kulturminne	Veg	Innmark	Bratte parti
Prosentdel	15 %	0,4 %	9 %	11 %	13 %

Ved å kombinera kriteria bygg, freda kulturminne, veg og innmark i strandsona, dvs. overlappende verdiar og verdiar som står åleine, er totalt 25 % av strandsona påverka av menneskeleg aktivitet.

Eksisterande menneskeleg inngrep i strandsona, som t.d. bustadar, dyrka mark og vegar, avgrensar seg til nokre få område, sjå figur 2.



Figur 2. Tilgjengelig strandsone basert på menneskeleg påverknad. Grøn farge syner urørt strandsone og raud farge område med inngrep.

Analyse basert på menneskeleg inngrep syner at 75% av strandsona er inngrepsfri/urørt natur, sjå tabell 2. Urørt strandsone vert redusert med 6% dersom ein tek omsyn til innspela i den nye kommunedelplanen. Talet må sjåast med ein viss modifikasjon då inngrepa ikkje treng dekkja heile føremålsarealet i ny kommunedelplan.

Tabell 2. Prosentvis fordeling av inngrep og urørt strandsoneareal, delt inn i status per i dag og inkludert private innspel til kommunedelplan for Huglo.

	Inngrepsfri/urørt strandsone	Inngrep i strandsona	Inngrepsfri + tilgjengelig topografi
Status i dag	75 %	25 %	62 %
Inkl. innspel	69 %	31 %	56 %

Ein større del av den uørte strandsona er vurdert som utilgjengeleg på grunn av brattleik. Den nordlege delen av Huglo er pga. topografi lite brukt frå landsida, men det er fleire område som er tilgjengeleg frå båt. Totalt vert inngrepsfri/tilgjengeleg strandsone, inkludert ny kommunedelplan, på om lag 56 %.

Det er få tilrettelagte friluftsområde på Huglo. Deler av områda i og kring strandsona er knytt til merka/umerka stiar og dels tilrettelagte badeplassar, men hovudsakleg er områda urørt og vill natur. Sjølv om det er lite som er tilrettelagt i strandsona har sona kvalitetar knytt til m.a. svaberg, skjerma vikar og utstikkande nes. Bruksmessig kan ein sjå at det er tradisjon for bruk av strandsona på Huglo, ved at det er mange naust, gardsbruk og bustadar etablert i strandsona.




Badeplass ved Tveitavågen, Sørhuglo.



Merka natursti ved Tveitavågen, Sørhuglo.

6 Resultat funksjonell strandsone kartlegging

Det er trekt ut seks område som er kartlagt nærare for å definera den funksjonelle strandsona. Dei seks områda er valt ut basert på innspel og forslag til endringar i arealdelen til ny kommunedelplan, sjå figur 3.



Figur 3. Område for kartlegging av funksjonell strandsone på Huglo. Kartlegginga er delt inn i 6 delområde basert på innspel til ny kommunedelplan.

Område 1. Leira - Huglavika

Strekninga Leira - Huglavika omfattar slakt hellande terreng. Arealet som hellar mot sjø i vest kan karakteriserast som utmark med knausar og bar-/lauvskog. Arealet frå Leira i sør til Huglavika i nord er dominert av landbruk, med vekt på husdyrhald og grasproduksjon. Området er definert som kjerneområde for landbruk.

Ein større bustadkonsentrasjon er lokalisert i Huglavika, og er ein del av reguleringsplan (Nordhuglo, R-173-000) . Eit mindre område ved Homannsneset er prega av fritidsbusetnad. Elles er området karakterisert av aktivt jordbruksareal. Huglavika kan karakteriserast som sentrum på Nordhuglo. Her ligg m.a. ferjeleie, butikk og gjeste kai, og fungerer som innfallsporten til Huglo. Fylkesveg går gjennom området.

I dette delområdet er kriteria landskap (topografi), bandlagt område etter kommuneplan og landbruksmiljø lagt særleg vekt på.

Tabell 3. Oversikt av kriterium som er nytta i område 1. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

Omr.	Biologisk		Kulturminne		Landbruk	Infrastruktur	Plan
	mangfald	Landskap	Kulturmiljø	Friluftsliv			
1	X	X		X	X	X	X



Område 2. Breivika - Kvarvaneset

Området er prega av urørt natur. Einaste infrastruktur per i dag er ei høgspenninglinje som går gjennom området. Landskapet er markant og terrenget er bratt og lite tilgjengelig frå landsida. Området er i stor grad bar mark med innspel av furuskog langs sjøkanten.

Deler av reguleringsplan for Nordhuglo omfattar kartleggingsområdet i sør.

I dette delområdet er kriteriet landskap (element, rom og topografi) lagt særleg vekt på.

Tabell 4. Oversikt av kriterium som er nytta i område 2. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

Omr.	Biologisk		Kulturminne				
	mangfald	Landskap	Kulturmiljø	Friluftsliv	Landbruk	Infrastruktur	Plan
2		X				X	X



Område 3. Lyraberget – Haukanes

Området frå Lyraberget til Jektestøa er prega av urørt natur, hovudsakleg furuskog, med dels bratte parti og tilgjengele nes og strandparti.


Arealet frå Jektestøa til Haukanes er karakterisert av kultivert hellande jordbruksareal, fritidsbusetnad og bratte urørte parti. I sør går ein liten bit av fylkesvegen inn i området, som vidare vert ført som privat veg.

Heilt i sør ligg eit større område som er verna etter naturvernlova, Brandvika landskapsvernområde. Verneområdet er karakterisert med sjeldan rik og variert flora med store kontrastar.

I dette delområdet er kriteria topografi/landskap og topografi/brattleik lagt særleg vekt på i nord, og topografi/landskap, kulturminne/kulturmiljø, bandlagt område etter kommuneplan og biologisk mangfald i sør.

Tabell 5. Oversikt av kriterium som er nytta i område 3. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

Omr.	Biologisk		Kulturminne				
	mangfald	Landskap	Kulturmiljø	Friluftsliv	Landbruk	Infrastruktur	Plan
3	X	X	X		X	X	X




Område 4. Stora Brandvik

Området strekk seg inn i ei vik frå Buneset og ut til Litla Brandvikeneset. Det er fleire bustadhus på Buneset, samt fritidsbustadar på åsryggen nord i bukta. Inst i bukta går jordbruksareal heilt ned til sjøen. Fylkesveg går gjennom området.

I dette delområdet er kriteria eksisterande infrastruktur (bygg), landbruksmiljø og biologisk mangfald lagt særleg vekt på.

Tabell 6. Oversikt av kriterium som er nytta i område 2. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

Omr.	Biologisk mangfald		Kulturminne		Landbruk	Infrastruktur	Plan
	Landskap	Kulturmiljø	Friluftsliv	Landbruk			
4	X	X			X	X	X



Område 5. Tveitvågen

Området er karakterisert av å vera ei skjermende bukt med busetnad, innmark og fritidsbusetnad. Området inst i bukta er dominert av tradisjonelt kulturlandskap, med innmark og bygningsmiljø. Området kring er karakterisert av utmarksbeite og eldre furuskog.

Tveitvågen er eit mykje bruk friluftsområde og er ein av innfallsportane til det store samanhengande friluftsområdet mot Huglahammaren.

I dette delområdet er kriteria biologisk mangfald, bandlagt område etter kommuneplan, landbruksmiljø og topografi/landskap lagt særleg vekt på.

Tabell 7. Oversikt av kriterium som er nytta i område 5. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

Omr.	Biologisk mangfald		Kulturminne			Infrastruktur	Plan
	Landskap	Kulturmiljø	Friluftsliv	Landbruk	Plan		
5	X	X	X	X	X		X



Område 6. Korsneset- Røssbøneset/Orevik

Dette er eit lengre strekke som er karakterisert av busetnad, jordbrukslandskap næring samt urørt natur. Fylkesvegen går langs sjøkanten i deler av området.

Frå Korsneset i sør til Leirvika dominerar jordbrukslandskapet og spreidd busetnad. Ved Leirvika ligg næringsområdet der Sortland Møbelfabrikk er lokalisert. Området Skarvane er det største bustadfeltet på Huglo med konsentrert busetnad av bustadhus, fritidshus og naust. Inst i Røssbøvika er det lagt til rette for friluftaktivitetar. Frå Røssbø og vidare nordover er landskapet prega av urørt natur med furu- og blandingskog.

I område 6 er kriteria landbruksmiljø og landskap lagt særleg vekt på frå Skarvane og sørover. Frå Skarvane og nordover er friluftsliv, landskap og biologisk mangfald lagt særleg vekt på.

Tabell 8. Oversikt av kriterium som er nytta i område 6. Blå: vurdert kriterium, kvit: ikkje vurdert kriterium.

Omr.	Biologisk		Kulturminne				
	mangfald	Landskap	Kulturmiljø	Friluftsliv	Landbruk	Infrastruktur	Plan
6	X	X		X	X	X	X



7 Oppsummering av kartleggingane

Statuskartlegginga for strandsona syner at over halvparten av strandsona på Huglo er inngrepsfri og tilgjengleg (62%). Om lag 75 % av strandsona er inngrepsfri/urørt natur. Ved å sjå på dei ulike inngrepa kvar for seg utgjer 15 % av strandsona bygg, 11 % innmark og 9 % veginngrep. Om lag 13 % av strandsona er utilgjengeleg på grunn av bratt terreng (>30 graders helling).

Tabell 9. Prosentvis fordeling av inngrep og urørt strandsonereale, delt inn i status per i dag og inkludert private innspel til kommunedelplan for Huglo


	Inngrepsfri/urørt strandsona	Inngrep i strandsona	Inngrepsfri + tilgjengleg topografi
Status i dag	75 %	25 %	62 %
Inkl. innspel	69 %	31 %	56 %

Gjennom kartlegging av den funksjonelle strandsona har ein gjort ei kvalitetsvurdering av standarealet på Huglo. Det er nytta sju delkriterium for vurdering i dei ulike områda. Spesielt er topografi/landskap, topografi/brattleik, landbruksmiljø og plan vektlagt i analysen. Den funksjonelle strandsonelinja er synt i figur 4.

8 Vidare bruk av resultat

Ein har i dag vanskar for å oppretthalda folketalet på Huglo. For å skapa ei auke i folketal og næringsaktivitet må ein by på dei særskilte kvalitetane Huglo har. Ein av kvalitetane er utsikt og tilgjenge til sjø. Huglo har ei lang og variert strandsona der store delar er fri for menneskeleg inngrep, og over halvparten av strandsonereale er tilgjengleg og inngrepsfritt. Dette er ein kvalitet som både bør vernast, men også kunna verta utnytta. Dette skapar utfordringar knytt til planlegging og forvaltning av strandsona. For å skapa ei fleksibel strandsoneforvaltning på Huglo har ein kartlagt status for strandsona for heile Huglo og definert ei funksjonell strandsona i seks delområde. Kartleggingane medverkar som bakgrunnsmateriale for å ta vare på kvalitetar knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne, bygningsmiljø og ålment ferdsel, samtidig som ein ønskjar å opna for vidare utvikling av 100-metersbeltet der det er føremålsteneleg.

Ein del av innspela til ny kommunedelplan for Huglo ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø. Til tross for dette vil ikkje prosentdelen *tilgjengleg/inngrepsfri strandsona* verta redusert monaleg. Hovudsakleg er innspela i strandsona avgrensa og knytt til område med eksisterande infrastruktur. For å kunna forvalta strandsona på ein god måte vert det lagt føringar i ny kommunedelplan som vil definera bruk og vern av område innafor den funksjonelle strandsona.



Figur 4. Kartlegging av funksjonell strandsone. 100-metersbeltet er synt med grå strek. Funksjonell strandsone er merka med rød strek.